



ÅRSMELDING 2017

KONTROLLUTVALET - LINDÅS KOMMUNE

Organisering og møte

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2017 til 31.12.2017. I denne perioden har utvalet hatt følgjande samansetjing:

Faste medlemar:

- Peder Jøsendal (leiar) - SV
- Rolf Henning Hegland (nestleiar)
- FrP
- Kåre Østrem - H
- Anne Kristin Tonning - Sp
- Rebecca Duesund Fjeldsbø
(i permisjon til 1. juni 2017)
- Kåre Mestad (midlertidig fast
medlem til 1. juni 2017)

Dei tre første varemedlemane:

- Kåre Mestad
- Sissel Bjørke
- Halvard Rydland

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at det er ei forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet legg fram eit eige forslag til budsjett for sitt område for kommunestyret, med bakgrunn i planar for revisjonsarbeid vedteke i kommunestyret.

Kontrollutvalet sine møter er opne på lik linje med andre politiske møte.
Utvalet har hatt 7 møter i 2017 og det er handsama 66 saker inklusive formaliasaker.

Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrollloppgåvene vert ivaretake hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Kommunestyrets vedtak i saker som gjeld val av revisjonsordning og val av revisor, skal treffast på grunnlag av innstilling frå kontrollutvalet. Frå 1. juli 2015 inngjekk Lindås kommune ny avtale med Deloitte AS om revisjonstenester for kommunen, inkludert reknesaksrevisjon m/årsavslutning, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrakten gjeld for 3 år med opsjon på 1 år. Deloitte AS vil dermed fungera som kommunen sin revisor til og med 30.06.2018, men det er opsjon på 1 år.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovedoppgåve å sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Nordhordland Utviklingsselskap IKS ivaretok sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I første halvår 2017 var Tonje Husum Aarland sekretær for kontrollutvala og i andre halvår var Øivind Olsnes sekretær.



Saker i 2017

Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordførar for å få nødvendige opplysningar i aktuelle saker.

Utvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte. Kontrollutvalet har følgt opp prosjekt «Lindås 2019» med orienteringar frå administrasjonen om ulike internkontrollsysteem/-tiltak i kommunen.

Kommunesamanslåing – ny kommune

Stortinget vedtok 8. juni 2017 å slå saman Lindås med Radøy og Meland i ein ny kommune Alver, med verknad frå 1.januar 2020. Kontrollutvalet har fått orienteringar frå ordførar og rådmann om samanslåingsprosessen. Kontrollutvalet har gjeve tilråding om val av revisor for fellesnemnda sitt arbeid for tidsrommet 2017 – 2019. Kontrollutvala i dei tre kommunane vil i 2018 koordinera sitt arbeid og sjå nærmare på kva kontrollutvala særleg bør vere merksam på i prosessen framover.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Kommunestyret har vedteke følgjande plan for prioritering av forvaltningsrevisjon for denne kommunestyreperioden i sak 089/16:

- Informasjonstryggleik
- Internkontroll i skule og psykososialt skolemiljø
- Eining for funksjonshemma
- Innkjøp
- Arbeidet med psykisk helse og rus
- Overordna internkontroll

Kommunestyret vedtok i sak 004/17 at det i denne kommunestyreperioden skal gjennomførast selskapskontroll for prosjekt vedkomande:

- Eigarskapsforvaltinga
- Knarvik Industri og Miljø AS

Utvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er derfor viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetra og kvalitetssikre tenestene.

Kontrollutvalet har følgt opp kommunestyret sine vedtak med oppstart av følgjande prosjekt i 2017:

Informasjonstryggleik

Kontrollutvalet vedtok i januar (sak 05/17) prosjektplan for «Forvaltningsrevisjon av Informasjonstryggleik. Prosjektet er gjennomført i 2017. Revisjonen la fram sin rapport for kontrollutvalet i møte 22.11.17 (sak 60/17). Kontrollutvalet vil sluttføre si handsaming av rapporten i nytt møte tidleg i 2018 før den vert levert til kommunestyret.



Selskapskontroll av eigarskapsforvaltninga

Kontrollutvalet vedtok i mai (sak 29/17) å tinge eit prosjekt for å belyse om kommunen utøver kontroll med kommunen sine eigarinteresser i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Prosjektet vart starta opp i juni og vil verte avslutta i første halvår 2018.

Selskapskontroll av Knarvik Industri og Miljø AS

Kontrollutvalet vedtok i mai (sak 30/17) eit prosjekt for å sjå på Lindås kommune si eigarstyring av Knarvik Industri og Miljø AS og korleis selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Prosjektet vart starta opp i juni og vil verte avslutta i første halvår 2018.

Oppfølging av revisjon

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon.

Revisjonen har mellom anna lagt fram si erklæring om uavhengighet. Revisjonen av årsrekneskapen er tilfredstillende utført etter kontrolluvalet si vurdering, jmf. revisjonsmeldinga til årsrekneskapen og revisjonsrapport nr 12, daterte 06.04.17

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapen og uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet. Årsrekneskapen for 2016 vart handsama som sak 20/17 i utvalsmøtet 19.04.16. Årsrekneskapet viste eit positivt netto driftsresultat på 91 mill. kr. Det var 55 mill. kr høgare enn i 2015 og 37 mill. kr betre enn budsjettet. Driftsinntektene viste ein auke på 7 %, medan driftsutgiftene hadde ein auke på 4 %. Lønnsutgiftene auka med 3 %, som er nær lønnsauken.

Avvik i høve til budsjett var gjort greie for i årsmeldinga. Kontrollutvalet peika på at det var nokre større avvik i investeringsrekneskapen og at budsjettet må vere realistisk med omsyn til forventa framdrift/ressursbruk i prosjekta. Det vart også peika på note for sjølvkost som viste høge fond som må nyttast innan 5 år frå dei oppstod. Det er viktig at sjølvkostprinsippet ligg til grunn for fastsetting av kommunale avgifter for vatn og avløp.

Kontrollutvalet har i løpet av 2017 følgt opp revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten.

Andre saker som vart handsama i 2017:

- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
- Orientering om interne rutinar kring arbeidsgjevaravgifta
- Omvising og orientering på NGIR - oppfølging av tidlegare eigarskapskontroll/selskapskontroll
- Orientering om oppfølging av kommunen sin strategi og reglement for innkjøp
- Statusrapportering om internkontroll og «Lindås 2019»
- Økonomisk status vedkomande rekneskap/budsjett for kontroll og tilsyn
- Status for oppfølging av forvaltningsrapport «Plan og bygg – 2014»
- Orientering om plan for samarbeid om interkommunalt byggetilsyn i Nordhordland
- Orientering om Fylkesmannen sitt tilsyn med Lindås kommune om skulen
- Orientering om arbeidet med etablering av felles lønn- og rekneskapskontor



- Orientering og omvising ved Knarvik Industri og Miljø AS
- Orientering om Fylkesmannen sitt tilsyn med Lindås kommune etter Helse- og omsorgstenestelova kapittel 9
- Innspel frå private til saker i kontrollutvalet
- Orientering om interimsrevisjon

Andre kommentarar

Kontrollutvalet ser på kurs og opplæring av medlemmene som viktig, for slik å best mogleg utføre sitt mandat. Medlemane i kontrollutvalet er påmeld folkevald-opplæring for kontrollutvala i Hordaland i januar 2018. Der vil kontrollutvala si oppgåve ved kommunesamanslåing vere eit av fleire aktuelle og viktige tema. Leiar og eit medlem er også påmeld «Kontrollutvalskonferansen 2018».

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen og kommunestyret i året som er gått.

Knarvik 31. januar 2018

*Peder Jøsendal, sign
Leiar*